




Bygland kommune

Kompetansesenteret

Barne og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep

0030 Oslo



— 128

Vår ref:
2005/436 -0

Sakshandsamar:
Line Håberg Løvdal, ☎

Arkivkode:
A10

Dato:
07.11.2005

Høyring Bygland kommune om revidert rammeplan for barnehagen

Bygland kommune har handsama høyring revidert rammeplan i barnehagen i Driftsutvalet 11.oktober 2005.

Driftsutvalet fatta følgjande vedtak til uttale om høyring revidert rammeplan:

1. Bygland kommune er positiv til at revidert rammeplan for barnehagen er redusert i omfang, og at planen legg vekt på lokal forankring og tilpassing.
2. Kommunen ynskjer at målområde også vert sett i samband med aldersgruppa 0-3 år, då dette er ei aukande aldersgruppe i barnehagen.
3. Bygland kommune meiner at planen krevjar skolering av personalet i barnehagen, og voner at departementet legg vekt på det på linje med Kompetanseutviklingsplanen for skulen.
4. driftsutvalet godkjenner framlegget til revidert rammeplan for barnehagen.

Desse nye punkta vert tilføyd til Kapittel 6. Barnehagens fagområder;

- dialekten vår
- norske songar
- lokal kultur
- lokal levemåte og arbeidsliv

Dei fire punkta vert felt inn etter strekpunkt 1- Språk, tekst og kommunikasjon.

Tillegg til pkt.6.2. Språk, kommunikasjon.

Nytt strekpunkt i andre avsnitt (barnehagen bidreg til at borna)

- vert stolte av dialekten sin og tek vare på den som ein del av sin identitet.

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

Til sakshandsaminga i Bygland kommune kom det innspel frå barnehagane i Bygland kommune, og PPT Setesdal. Deira innspel følgjer vedlagt.

Med helsing

Line H. Løvdal

Line Håberg Løvdal
sakshandsamar

Vedlegg:

1. Uttale om rammeplan frå barnehagane i Bygland
2. Uttale om rammeplan frå Pedagogisk Psykologisk teneste for Setesdal